



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Stad:	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	24.09.2014
Tid:	16:30 – 19:50

Medlemer som møtte:

Olaug Andreassen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Janita Iren Westbø Remøy	Medlem	AP
Svein Gjølseth	Medlem	AP
Sofie Mere Arntsen	Medlem	AP
Camilla Storøy Hermansen	Medlem	KRF
Ole Brubakk	Settevaraordfører	KRF
Linn-Therese Hansen Sævik	Medlem	KRF
Frank Otto Kvalsvik	Medlem	KRF
John Nerem	Medlem	KRF
Tor-Sindre Steinsvik	Varaordfører	H
Idar Tarberg	Medlem	H
Fred Hansen	Medlem	H
Richard Klungsøyr Gjerde	Medlem	H
Sigurd Voldsund Nygard	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Kjerstin M. Lilleøy Nygard	Medlem	H
Norvald Muren	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK/SP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Kaja Runde	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Reidun S Myrvågnes	MEDL	AP
Henry Jøsokbakke	MEDL	V
Arnulf Goksøyr	LEDER	H
Frank Lied	MEDL	H
Bjørn Otterlei	MEDL	H

Marthe Vågsholm Sævik	MEDL	H
Stig Arne Helsem Sævik	MEDL	H
Dag Kåre Nærø	MEDL	FRP
Thor-Sigmund Garvik	MEDL	FRP

Varamedlemer som møtte:

Egil Kjell Leikanger	Reidun S Myrvågnes	AP
Magnar Storøy	Henry Jøsokbakke	V
Knut Tandberg	Bjørn Otterlei	H
Oddmund Voldsund	Stig Arne Helsem Sævik	H
Signe Sævik Monsen	Marthe Vågsholm Sævik	H
Kai Andre Igesund Yndestad	Frank Lied	H
Knut Johan Voldsund	Thor-Sigmund Garvik	FRP

Andre:

Rådmann Erlend Krumsvik
Sekretær Hilde B. Skinnes
Eigedomsleiar Robert Myklebust

Møtet vart annonsert med sakliste i Vestlandsnytt.

Det møtte 24 faste og 7 vara, 2 mindre enn fulltalig.

Varaordførar Tor Sindre Steinsvik leia møtet i ordføraren sitt fråvær. Eit samrøystes kommunestyre valde Ole Brubakk til settevaraordførar.

Ingen hadde merknader til kommunestyret si samansetjing.

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart desse valde:
Linn Therese Sævik og Fred Hansen

H, Idar Tarberg møtte kl 16:45, før handsaming av K-111/14
AP, Per Kristian Furø møtte kl. 17:00, før handsaming av K-sak 111/14

H, Stian Sævik Elvesæter fekk permisjon og gjekk frå møte etter handsaming av K-sak 112/14.
FOLK/SP, Kaja Runde fekk permisjon og gjekk frå møte etter handsaming av K-sak 116/14

Eigedomsleiar Robert Myklebust starta møtet med å orientere om bustadsosial handlingsplan.

V, Magnar Storøy stilte spørsmål om Herøy kommune har gode nok beredskapsplanar og korleis Herøy kommune hadde løyst saka viss det hadde vore på ein stad der det ikkje går an å køyre alternativ rute som t.d. Skarabakken, og heller ikkje utrykningskøyrety hadde kome fram. Varaordførar Tor Sindre Steinsvik, som leia møtet, svarte.

AP, Svein Gjelseth kom med slikt grunngitt spørsmål: kvifor vert ikkje stillinga som kommunepsykolog utlyst, slik at vi snarast råd kan får nokon på plass i denne viktige stillinga? Rådmann Erlend Krumsvik svarte.

Kommunestyret ber Komite for oppvekst om å sjå på saka.

FOLK/SP, Bjarne Kvalsvik stilte spørsmål til korleis stillingane kioskansvarleg og teknisk lys/lyd på Herøy kino skal finansierast?
Rådmann Erlend Krumsvik svarte.

Linn Therese Sævik

Tor Sindre Steinsvik
underskrifter

Fred Hansen

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 107/14	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 108/14	Protokoll frå førre møte.
PS 109/14	Delegerte saker
PS 110/14	Referatsaker
PS 111/14	Høyring 2 - utviklingsplanar for dei vidaregåande skulane i Eiksundregionen
PS 112/14	Brukarundersøking i Bu- og habiliteringsavdelinga 2014
PS 113/14	Resultat av brukarundersøking i pleie- og omsorgsavdelinga våren 2014
PS 114/14	Videokonferanseutstyr til bruk i samhandling innan helse - Leasingavtale
PS 115/14	Vedk. Lånegaranti til Tjørvåg Aktivitetspark
PS 116/14	Tak over tribune, Havila Stadion Fosnavåg - behov for ekstra løyving
PS 117/14	Utleige av gnr. 34 bnr. 237 snr. 4 til Fosnavåg Parkering AS
PS 118/14	Brukarundersøking i kommunale barnehagar 2014
PS 119/14	Årsrapport frivilligsentralen 2013
PS 120/14	Orientering om tilsyn i kommunale barnehagar 2014

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 312/14 Kjøp av tomt 26/235
- DS 313/14 Søknad om skjenking for uteareal - Madelynn
- DS 314/14 Raymond Igesund - 31/185 - Utlekking av sjøkollektor
- DS 315/14 Mellombels bruksløyve - 4/310
- DS 316/14 Truls Are Torvik - 19/11 - garasjebygg
- DS 317/14 Arild Myrvoll 23/32 - Løyve til oppføring av frittstående garasje
- DS 318/14 Herøy Byggsenter AS 30/122 - Løyve til tiltak - oppføring av bustadhus m/garasje.
- DS 319/14 Arild Remø 12/14 - Løyve til oppføring av garasje
- DS 320/14 Oddmund Slettebakk 61/4 - Løyve til oppføring av garasje
- DS 321/14 Søknad om å ta skjenkeløyve ut av lokale under Maritim sommardagar - Hotel Neptun
- DS 322/14 Marius Bula 12/307 - Igangsettingsløyve for gravearbeid
- DS 323/14 Pål Ove Hånes 79/134 - Avslag på søknad
- DS 324/14 Lars Golmen - Ferdigattest uthus/garasje gnr. 9 bnr. 111 i Herøy
- DS 325/14 Madelynn Coffee - Skjenkebevilling - søknad om endrede vilkår for èn enkelt anledning - romjuldans
- DS 326/14 Maron Sandvik 60/441 Tiltak - garasje
- DS 327/14 Oddbjørg Ytrebø 15/1 - Løyve til oppføring av altan
- DS 328/14 Tor-Arve Reite 20/63 - Ferdigattest - overbygg på terrasse
- DS 329/14 Serverings- og/eller skjenkebevilling - søknad om endring av løyve.
- DS 330/14 Søknad om endra skjenketid - Madelynn Coffee
- DS 331/14 Sal av tomt 60/430 - Tømrer Prosjekt AS
- DS 332/14 Ingrid Solheim og Arne Grim Berge 19/61 - Løyve til reparasjon og utviding av terrasse og trapp
- DS 333/14 Gnr 14 Bnr 1 - Frådeling av tilleggsareal til gnr 14 bnr 31

- DS 334/14 Søknad om endra serveringsløyve
- DS 335/14 Søknad om skjenkebevilling - Elmir Maznikar
- DS 336/14 Søknad om dispensasjon for å legge ut flytebrygge framfor naust - gnr. 24 bnr. 73 i Herøy.
- DS 337/14 Norbjørn Wig 60/391 -Løyve til tiltak - tilbygg til bustadhus
- DS 338/14 Baro Industriendom AS 22/28 - Ferdigattest - tilbygg
- DS 339/14 Herøy Byggsenter AS 30/83 - Løyve til tiltak - oppføring av bustadhus m/garasje..
- DS 340/14 Bernadette Daisy Devakumar 35/154 - Løyve til oppføring av tilbygg
- DS 341/14 Søknad om servering og skjenkeøyve Fosnavåg Rock
- DS 342/14 Tjørnvåg IL - 58/32 - Klubbhus
- DS 343/14 Ferdigattest - 31/24
- DS 344/14 Ferdigattest - 37/493 seksjon nr 2
- DS 345/14 Elise Igesund - 35/14 - Innglasing av veranda
- DS 346/14 Thon Hotel Fosnavåg 34/5 - Løyve til oppføring av skilt/reklame på fasade
- DS 347/14 Odd-Johan Muren 16/109 - Løyve til oppføring av garasje
- DS 348/14 Tore Vikingstad 44/41 - Løyve til oppføring av veranda
- DS 349/14 Per Magne Lillenes- 54/28 - Garasje
- DS 350/14 ferdigattest - 16/127
- DS 351/14 Dina Mari H. Remøy - 4/148 - Tilbygg
- DS 352/14 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement)
- DS 353/14 Ferdigattest - garasje 31/169
- DS 354/14 Ferdigattest - sjøledning frå Moltu til Grønhaug
- DS 355/14 Maria Elena Nilsen - 31/ - Igangsettingsløyve riving, tilbygg og ny garsje
- DS 356/14 Ragnar og Anette Reite - 27/25 - Tak på terrasse
- DS 357/14 Susanne og Stein Are Sunde - 45/167 -

Einebustad

- DS 358/14 Tømrer Prosjekt as - 56/108 - Endring av ansvarsrett
- DS 359/14 Alf Einar Moltubakk - 60/58 - Rammeløyve riving og nytt bustadhus og garasje
- DS 360/14 Søknad om tiltak uten ansvarsrett
- DS 361/14 Sjøgata Eiendom as - 34/22 - Parkeringshus
- DS 362/14 Helge Håberg 37/277 - Løyve til tiltak - overbygg over inngangsparti/garasje
- DS 363/14 GNr 60 Bnr 382 - Grensejustering mot gnr 60 bnr 359.
- DS 364/14 Ferdigattest - 59/25 og 26 - riving av transformatorstasjon
- DS 365/14 Palmar Kopperstad - 3/6 - Bruksendring delar av driftsbygning
- DS 366/14 Tømrer Prosjekt as - 37/51 - 4-mannsbustad med tilhøyrande carport og anlegg
- DS 367/14 Vidar Ytre-haug - 60/194 - Fasadeendring og mindre tilbygg
- DS 368/14 Roy-Yngve Sandmo 45/158 - Ferdigattest for bustadhus
- DS 369/14 Per Worren 28/5 - Mellombels bruksløyve for seksjon 2
- DS 370/14 Søknad om å ta skjenkeløyve ut av lokalet/ utvida skjenketid for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement)
- DS 371/14 Per Worren - 28/33 -Garasje
- DS 372/14 Ferdigattest - 13/5 - Naust
- DS 373/14 Arve Olsen 44/118 - Ferdigattest uthus

Referatsaker

- RS 45/14 Protokoll frå styremøte i Søre Sunnmøre Landbrukskontor 03.09.2014
- RS 46/14 Protokoll ordinær generalforsamling i Sunnmørsbadet Fosnvåg AS 2014
- RS 47/14 Gangveg - Moltustrandingane ønsker politisk og kommunalt fokus på gangveg og smale vegar. Vi føler oss lite prioriterte.
- RS 48/14 Innkalling til ekstraordinær generalforsamling 11.09.14 i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS
- RS 49/14 Omorganisering i bu- og habiliteringsavdelinga
- RS 50/14 AMU-sak 19/14. Særutskrift - Sjukefråvere 2. kvartal 2014
- RS 51/14 Protokoll ekstraordinær generalforsamling 11.09.14
- RS 52/14 Vedtekter Sunnmørsbadet Fosnavåg AS pr. 11.09.14
- RS 53/14 Referat frå drøfting om konkretisering av vedtak i k-sak 86/14

PS 107/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 108/14 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre

PS 109/14 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingar låg føre og vert tekne til vitande

PS 110/14 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker låg føre og vert tekne til vitande

PS 111/14 HØYRING 2 - UTVIKLINGSPLANAR FOR DEI VIDAREGÅANDE SKULANE I EIKSUNDREGIONEN

Møtebehandling:

Brev datert 22.09.14 frå leiar v/skuleutvalet Herøy vgs vart lagt fram i møtet.

H, Ann-Kathrin (Tine) Storøy kom med slik endring i punkt 5, 1. linje:
«Herøy kommunestyre ser det som svært viktig at Herøy vidaregåande skule vert bygt ut og modernisert»

Det vart halde gruppemøte.

AP og H kom med slikt nytt punkt 7:

«Frå næringslivet i kommune, spesielt når det gjeld skipsdesign, vert det etterlyst eit utdanningstilbod som tilsvarar det som tidlegare vart kalla «teknisk teikning». Herøy kommunestyre ber om at det vert vurdert å utvide TIP med «teknisk teikning» og at dette får fagbrevstatus»

Rådmannen si tilråding med slike endringar vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 24.09.2014

Herøy kommunestyre vedtek følgjande uttale til «høyring 2 – utviklingsplanar for dei vidaregåande skulane i Eiksundregionen»:

1.

Herøy kommunestyre viser til at det beste for Søre Sunnmøre er at dagens skulestruktur (Alternativ 1) vert vidareført og blir lagt til grunn for utviklingsplanen for dei vidaregåande skulane i regionen.

2.

Herøy kommunestyre held fast på at «Bygg og anleggsteknikk» skal vere eit tilbod ved Herøy vgs. Byggnæringa i Herøy er og vil vere ein viktig samarbeidspartnar for skulen samstundes som det vil vere viktig å oppretthalde studietilbodet for ungdomen i kommunane Herøy, Vanylven, Sande, Ulstein og Hareid.

3.

Herøy kommunestyre held fast på at «Restaurant og matfag» skal vere eit tilbod ved Herøy vgs. Med fleire nye satsingar innan næringa på landsida og den sterke maritime koblinga ligg alt til rette for at studietilbodet kan utviklast i tida framover ved Herøy vgs og vere eit attraktivt studietilbod lokalt og regionalt.

4.

Herøy kommunestyre held fast på at «elektrofag og TAF» skal vere eit tilbod ved Herøy vgs.

Faga har sterke bindingar og fellesområde og høyrer naturleg saman med TIP. Den naturlege staden for elektrofag, TAF og TIP er Herøy vgs. Gevinstar med samlokalisering og dei gode erfaringane som fylkeskommunen viser til i «høyring 2» bør ha avgjerande vekt.

5.

Herøy kommunestyre ser set som svært viktig at Herøy vgs vert bygd ut og modernisert og vil gjennom dialog med fylkeskommunen styrkje fasilitetane ved skulen og samdriftsfordelane ved tilrådd lokalisering.

6.

Herøy kommunestyre vil vise til at utdanningsprogrammet «Helse og oppvekstfag» er eit godt og viktig utdanningsprogram med sterke lokale og regionale samfunnsinteresser. Ei styrking og utvikling av utdanningsprogrammet innan velferdsteknologi må vurderast då kommunar har eit stort behov for personell med utvida kompetanse innan fagfeltet. Herøy vgs bør fremjast som ein pilotskule innanfor fagfeltet velferdsteknologi.

7.

Frå næringslivet i kommune, spesielt når det gjeld skipsdesign, vert det etterlyst eit utdanningstilbod som tilsvarar det som tidlegare vart kalla «teknisk teikning». Herøy kommunestyre ber om at det vert vurdert å utvide TIP med «teknisk teikning» og at dette får fagbrevstatus

PS 112/14 BRUKARUNDERSØKING I BU- OG HABILITERINGSAVDELINGA 2014

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 24.09.2014

Brukarundersøkinga i Bu- og habiliteringsavdelinga våren 2014, vert teken til vitande

PS 113/14 RESULTAT AV BRUKARUNDERSØKING I PLEIE- OG OMSORGSAVDELINGA VÅREN 2014

Møtebehandling:

Saksprotokoll frå møte i Komite for helse og omsorg 18.09.14 vart delt ut i møtet.

AP, Janita W. Remøy kom med framlegg om slikt tilleggspunkt:

1. Herøy kommunestyre ser at bemanninga innan pleie- og omsorgsavdelinga er svært pressa og at det er eit stort behov for ei auke i bemanninga. Dette gjeld både ved sjukeheimane og i heimetenestene. Dette må sjåast på i forbindelse med budsjett 2015.
Herøy kommunestyre ber om at ein må sjå på moglegheita av å appellere til lag, organisasjonar og pårørande i forhold til aktivitetstilbod for brukarane.

Rådmannen si tilråding med tilleggspunkt vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 24.09.2014

1. Herøy kommunestyre ser at bemanninga innan pleie- og omsorgsavdelinga er svært pressa og at det er eit stort behov for ei auke i bemanninga. Dette gjeld både ved sjukeheimane og i heimetenestene. Dette må sjåast på i forbindelse med budsjett 2015.
Herøy kommunestyre ber om at ein må sjå på moglegheita av å appellere til lag, organisasjonar og pårørande i forhold til aktivitetstilbod for brukarane.
2. Brukarundersøkinga frå pleie- og omsorgsavdelinga vart tatt til vitande

PS 114/14 VIDEOKONFERANSEUTSTYR TIL BRUK I SAMHANDLING INNAN HELSE - LEASINGAVTALE

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 24.09.2014

1. Herøy kommunestyre godkjenner at det vert inngått leasingavtale mellom Herøy kommune og firma Viju slik det framgår av saksvedlegg.
2. Det er ein føresetnad at kostnadane for dei første 12 månadane vert dekkte av Geriatrikompetanseprosjektet, og at øvrige kostnader vert dekkte innanfor fastsett budsjettramme.

PS 115/14 VEDK. LÅNEGARANTI TIL TJØRVÅG AKTIVITETSPARK

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 24.09.2014

1. Herøy kommunestyre godkjenner lånevilkåra slik dei får fram av tilbodsbrief frå Sparebanken Møre datert 11.07.2014
2. Lånegarantien frå Herøy kommune til Tjørvåg Idrettslag gis under føresetnad av simpel kausjon.
3. Garantien skal ha ei tidsavgrensing på 10 år.

PS 116/14 TAK OVER TRIBUNE, HAVILA STADION FOSNAVÅG - BEHOV FOR EKSTRA LØYVING

Møtebehandling:

KrF, Frank Otto Kvalsvik reiste habilitetsspørsmål då han er styremedlem i hovudstyret i Bergsøy idrettslag.

Han går frå under handsaming av habilitet.

Frank Otto Kvalsvik vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd bokstav e.

Formannskapet si tilråding vart vedteken mot 2 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 24.09.2014

1. Herøy kommune vedtek å bygge tak over tribune på Havila Stadion Fosnavåg for ein samla kostnad på 5.408.858 kroner.
2. Herøy kommune løyver 250.000 kroner i tillegg til tidlegare løyvde midlar til prosjektet. Dette inneber at kommunen sin samla kostnad med prosjektet blir 2.750.000 kroner. Løyvinga vert finansiert ved låneopptak.
3. Resterande kostnad på 2.658.858 kroner vert finansiert av Bergsøy IL. Kopi av lånetilsagn frå finansinstitusjon og vedtak om låneopptak gjort av Bergsøy IL må leggast fram for kommunen før det vert skrive kontrakt med entreprenør. Dersom opsjonen om dugnad skal brukast, må Bergsøy IL også legge fram vedtak på dette.

PS 117/14 UTLEIGE AV GNR. 34 BNR. 237 SNR. 4 TIL FOSNAVÅG PARKERING AS

Møtebehandling:

AP, Sofie Mere Arntsen reiste habilitetsspørsmål då ho er gift med dagleg leiar i Fosnavåg Parkering AS.

Ho går frå under handsaming av habilitet.

Sofie Mere Arntsen vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd bokstav b.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 24.09.2014

1. Kommunestyret godkjenner leigeavtale mellom Herøy kommune og Fosnavåg Parkering AS for gnr. 34 bnr. 237 snr. 4.
2. Ordføraren får fullmakt til å signere leigeavtalen.

PS 118/14 BRUKARUNDERSØKING I KOMMUNALE BARNEHAGAR 2014

Møtebehandling:

Komite for oppvekst si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 24.09.2014

Resultatet av brukarundersøking i kommunale og private barnehagar våren 2014 vert teken til vitande.

PS 119/14 ÅRSRAPPORT FRIVILLIGSENTRALEN 2013

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 24.09.2014

1. Kommunestyret godkjenner Herøy frivilligsentral si årsmelding for 2013

Kommunestyret godkjenner Herøy frivilligsentral sitt rekneskap for 2013

PS 120/14 ORINTERING OM TILSYN I KOMMUNALE BARNEHAGAR 2014

Møtebehandling:

Komite for oppvekst si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 24.09.2014

Orientering om tilsyn i kommunale barnehagar vert teken til vitande.

MØTET SLUTT!